



Berre eit heilt vanleg menneske

GJESTESKRIBENT

ANDERS TOTLAND

Forfattar, journalist, kokk og organist

Eg bur midt i eit sjukehus. Det er nesten heilt sant. For berre eit par generasjonar sidan var heile bygda eg bur i del av sjukehuset.



Foto: Per Egil Larsen

Eg bur også på ein gard. Ikkje fordi eg er bonde. Det er eg nemleg ikkje, sjølv om eg har ein kjøkenhage på same storleik som ein middels byhybel. Men heile bygda er omkransa av eigedomane til bonden. Når eg går for å bade om sommaren, er det hans utmark me traskar over. Det er hans strender.

Før var det sjukehuset som eigde både garden og strendene. Sjukehuset og garden var to sider av same sak. Bakkane var fulle av pasientar, og på skulen fekk elevane undervisningsfri for å delta i potetsankinga om hausten.

Ein slik symbiose mellom ei bygd og eit psykiatrisk sjukehus er nesten utenkjeleg i dag. Men for dei som har vakse opp her, har dette samspelet vore heilt naturleg. Den godt vaksne kvinna som rulla rundt i graset rett attmed skulevegen hadde liksom alltid vore der – på same måte som den veldig blide mannen som alltid ville snakke om vêret.

Sjølv er eg tilflyttar, men ho eg er gift med, har budd her heile livet. Det same har ungane mine. Og eg er heilt overtydd om at det gjer noko med dei. Noko som ikkje kan lærast på skulen, og i alle fall ikkje gjennom haldningskampanjar.

Sjølv om tidene har endra seg, er det framleis noko som heng igjen.

Pasientane jobbar ikkje ute lenger. Ikkje inne heller. No får dei medisinar og samtalerapi og skil seg ofte ikkje merkbar frå pleiarane dei går tur saman med, til og frå butikken. Det er den mest trafikkerte pasientruta, akkurat passe kort og likevel fjernt frå dei stengde korridorane.

Ein fredag, nokre månader etter at eldstemann begynte i 1. klasse, gjekk eg for å hente han. Til vanleg gjekk han heim sjølv, men eg hadde fri og visste at han ville setje pris på å bli henta, slik mange av klassekameratane, i alle fall dei med lengst skuleveg, blei kvar einaste

dag.

Me var så vidt komme ut av skuleplassen då me såg ein mann som låg i grøfta på andre sida av vegen.

- Berre vent litt, sa eg, - så spring eg over vegen for å sjå om han treng hjelp.

- Eg har trøbbel med pumpa, sa mannen då eg hjelpte han på beina og heldt eit godt tak rundt den slappe kroppen, så han ikkje skulle falle saman igjen.

Han var tung i blikket, sleit med å formulere seg. For å vere heilt ærleg trudde eg ikkje eit sekund på forklaringa. Alt tyda på at han var rusa, på eit eller anna.

- Skal eg ringe etter hjelp? spurde eg.

- Kan du ikkje berre følgje meg bort dit? svara mannen og peikte over jordet mot sjukehusbygningane som ligg delvis skjult bak dei gamle trea.

- Klart eg kan, sa eg, og då eg var trygg på at han klarte å halde seg oppe sjølv, hoppa eg over autovernet, skunda meg over vegen og tok junior med tilbake.

- Me skal berre følgje han bort til sjukehuset, så går me heim, forklara eg medan me kryssa vegen.

Junior nikka. Tok meg i handa og sa ingenting. Med den andre neven støtta eg mannen, som framleis sleit med å finne balansen. Prøvde å småsnakke for at stemninga ikkje skulle bli rar.

- Synest du det var skummelt?

Me var på veg heimover då eg spurde. Men guten såg rart på meg.

- Kvifor skulle eg det? spurde han. - Det var jo berre eit heilt vanleg menneske.

Publisert: 26. juni 2017. Tidsskr Nor Legeforen. DOI: 10.4045/tidsskr.17.0410
© Tidsskrift for Den norske legeforening 2020. Lastet ned fra tidsskriftet.no